

Sogn & Fjordane Fylkeskommune
Opplæringsutvalet
v/ Nøringset

3. året Dataelektronikk ved Øyrane Videregående Skule (VGS)

Vi som foreldre til elevar på Øyrane VGS line Dataelektronikk må sjølsagt akseptere nedlegging av dette studiet ved skulen. Likevel har vi eit håp om ei overgangsordning for dei som har søkt, fekk plass, og vart førespegla å fullføre studiet ved denne skulen.

Foreldrerepresentantar har snakka med Rune Viken for å høyre grunnen til denne avgjerdsla. Og grunnen er forståeleg. Vi skjønar at ein ikkje kan forsvare små klassar, når elevtalet i fylket går ned dei næraste åra.

Sogndal VGS har sjølv kontakta Øyrane med førespurnad om ei overgangsordning og eit samarbeid for akkurat desse elevane. Det går ut på at Sogndal arrangerer og står ansvarleg for elevane, mens Øyrane tek hand om undervisninga.

Slik det er forstått gjeld dette for 11 elevar frå Øyrane VGS. (og 9 ved Sogndal VGS)

Vi fekk opplyst ved Øyrane at der både finnast lærarkapasitet, ledige lokale og at det ikkje vert noko meir kostnadsdrivande m.t.p å arrangere siste året der.

Desse elevane skal kun ha 3 dagars undervisningsveke. Dei to påfølgande dagane skal dei vere ute i ei bedrift. Fleire har allereie funne ei bedrift i Førde. No må dei til å søkje igjen.

Då det er trøngt om aktuelle praksisplassar i Sogndal, hevdar avdelingsleiar Viken at dei kan reise heim/til Førde for å vere i ei bedrift. I så fall vert det 2 hyblar på dei som ikkje bur heime. Dette vert i praksis problematisk. Eit like så viktig punkt er økonomi. Dette vert dyrt, både for den einskilde og samfunnet.

Ser og at det kan vere med å bidra til at ungdommen vår rett og slett vel vekk eller hoppar av studiet fordi det ikkje lar seg gjennomføre.

Sogndal er ein populær studiestad for Høgskulen i Sogn & Fjordane. Tilgangen på både hyblar og læreplassar vil vere begrensa. Spesielt m.t.p at dei må konkurrere med elevane på tilsvarande line i Sogndal.

Skulen i Sogndal vil nok gjere det dei kan for alle, men dei treng gjerne litt lengre tid på å finne nok praksisplassar til så mange som 18 elevar i Dataelektronikkbransjen. Elles tenkjer eg at desse ungdommane vert ramma på ein uheldig måte i ein overgangsperiode og vonar at det er mogeleg å kome fram til ei løysing for desse ved å gjere ferdig siste året i Førde.

På vegne av elevar og foreldre v/ Øyrane Dataelektronikk-line.

Mvh Siv Grov og Siw Landro